

Til søkjarane

Dato: 16.10.2015  
Vår ref.: 2015/9420-51  
Saksbehandlar: gernaps  
Dykkar ref.:

## Melding om vedtak - fastsetjing av ansiennitet - søkjarar til drosjeløyve og søkjarar som vil byte sentraltilknying i Bergen køyreområde

**Samferdselsavdelinga gjer merksam på at søkjarar til drosjeløyve haust 2015 fell ut av søkjarlista dersom ikkje alle dei nødvendige vedlegg ligg føre innan 3 veker etter ansiennitetsvedtaket.**

### **1. Fastsetjing av ansiennitet:**

Vedlagt følgjer fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak dagsett 16.10.2015 vedkommande fastsetjing av ansiennitet som full tids drosjesjåfør, og som løyvehavar.

**Ansienniteten er fastsett på grunnlag av den dokumentasjonen vedkommande søkjar har levert inn. All ansiennitet skal dokumenterast, og det er den einskilde søkjar sitt ansvar å levere inn nødvendig dokumentasjon.**

Manglande innlevering av dokumentasjon som nemnd i kunngjeringa vil såleis kunne føre til manglande godkjenning av ansiennitet.

### **2. Opplysningar om klageadgang:**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på **3 veker** etter at ein fekk melding om vedtaket. Klagen kan sendast til samferdselsavdelinga. Følgjene av ein eventuell klage kan bli at vedtaket blir endra.

Etter tvistemålslova § 27 b, kan søksmål om vedtaket er lovleg eller krav om erstatning som følgje av eit slikt vedtak ikkje reisast før parten har nytta høve til å påklage vedtaket.

Det vert sett ein søksmålfrikt på 2 mnd. Jfr. Yrkestransportlova §

Med heimel i forvaltningslova § 18 jfr §19 har part – med visse unntak – rett til innsyn i dokumenta i saka. Ein må i så tilfelle vende seg til samferdselsavdelinga

### **3. Utskrift fra løyveregisteret:**

Dersom ein ønskjer utskrift frå løyveregisteret med omsyn til kva periodar ein har fått godkjent ansiennitet for må ein vende seg til samferdselsavdelinga. Utskrift vil i så tilfelle bli sendt vedkommande pr. post.

#### **4. Tildeling av ledige drosjeløyve:**

Vedlagt finn ein ei søkjarliste for dei som søker om drosjeløyve, og ei liste for dei som søker overgang til annan sentral. Listene er rangert etter ansiennitet og ein må sjå begge listene i samanheng ved tildeling.

Vi gjer merksam på at den einskilde sentral har egne reglar for tilknytning til sentralen, mellom anna med omsyn til profilering av bil. Den einskilde sentral må difor kontaktast for nærmare opplysning om desse reglane.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Gerd Eva Napsøy  
spesialkonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### **Vedlegg:**

Søkjarliste ordinære drosjeløyve

Liste over dei som søker overgang til annan sentral

#### **Kopi til:**

A-Taxi  
Bergen Taxi  
Bryggen Taxi  
Christiania Taxi Bergen  
Norgestaxi Bergen  
Taxi 1  
Norges Taxiforbund avd Bergen  
Norges Taxiforbund avd. Hordaland